

# DALEVERN A/S

---

Odd Nesse

---

## Ein episode i saga om industrisamfunnet Dale.

Dalevern A/S blei stifta på konstituerande generalforsamling den 4. juni 1987.

Til styre blei vald:

- Signy Fjellanger
- John Laastad
- Odd Nesse
- Birger Nilsen
- Gunnar Sellevold
- Svein Aksel Sellevold

Styret konstituerte seg same dag og valde Gunnar Sellevold til formann.

Aksjekapitalen som vart teikna i samband med stiftinga var kr. 537.100 fordelt på 5.371 aksjar pålydande kr. 100.

I stiftelsesdokumentet står det at: "Selskapets formål er å erverve og eie aksjer i Dale A/S". Det var einaste føremålet.

Tanken om å skipa eit slikt selskap hadde vore diskutert mellom tilsette i Dale Fabrikker, (som no hadde skifta namn til Dale A/S), sidan "jappebylgja" slo inn over Dale i 1985. Då sette ei gruppe investorar fram tilbod til aksjeeigarane i Dale A/S om å kjøpa aksjane til ein pris av kr. 500 pr aksje.

Aksjane i Dale A/S var den gongen pålydande kr. 100 og var notert på Bergen Børs. Kursen hadde vore heilt nede i kr. 35 i 70-åra, men steig sidan jamt. Likevel låg tilbodet på kr. 500 pr. aksje monaleg over børskursen.

Aksjane i Dale A/S hadde i lange tider vore spreidd på 5-600 aksjonærar og ingen aksjonær eller gruppe av aksjonærar eigde meir enn 10%.

No kom altså ei ukjend gruppe investorar og ville ha tak i alle aksjar dei kunne få. Seinare gjorde gruppa seg kjend og la fram planar for vidare utvikling av verksemda.

Mange oppfatta dette som eit typisk "jappeåtak" slik ein hadde lese om at mange verksemdar hadde blitt utsette for dei siste par åra. Ein meinte og at planane var slike at ein kunne frykta at dei "skjulte" verdiane i Dale A/S, eigedomar, kraft- og vassrettar, ville verta skilde ut i eige firma, noko som kunne verta til stor skade for den framtidige drifta. I verste fall kunne desse verdiane verta selde ut frå verksemda.

Tilliten til investorgruppa var vel heller liten og tiltak mot ei slik frykta utvikling blei drøfta på mange hald. Det heile enda med at forsikringselskapet Vesta kjøpte ut investorgruppa noko som alle omkring Dale A/S var vel nøgde med.

Seinare selde Vesta aksjeposten til investeringselskapet Investa som på den tida hadde ei viss tilknytning til Vestakonsernet. Investa hadde frå før ein aksjepost i Dale A/S og fekk no faktisk aksjemajoriteten i selskapet, omlag 58%.

Dermed hadde ein no fått den situasjonen at ein eigar hadde majoritet. Dette blei av mange oppfatta som eit nytt fåresignal. Kva planar hadde Investa?. Ville dei vera langsiktige eigarar og vera med på å utvikla verksemda vidare til beste for Dalesamfunnet eller ville dei selja seg ut?.

Investa var vel kjende med tekstilindustri. Dei hadde vore eigar av De Forenede Ullvarefabrikker, DFU, i mange år og vart og eigar av Høie-Arne. Dette gav ein viss tillit og toppleinga i Investa gjekk faktisk ut og sa at kjøpet av Daleaksjar var ei "langsiktig investering".

Den 20/3 1987 selde Investa alle tekstilinteressene sine til firmaet Remco A/S i Kristiansand. Dette kom som et sjokk på dei tilsette i Dale A/S og på heile Dalesamfunnet og reaksjonane var kraftige. Dei tilsette, deira arbeidsplassar og heile Dalesamfunnet var kasta ut i ny usikkerhet.

Kritikken mot Investa var kraftig. Fagforeiningane og den politiske leiinga i kommunen gjekk hardt ut mot Investa som hadde gjeve inntrykk av at kjøpet av Daleaksjane var langsiktig men som likevel selde ut etter kort tid.

Kommunen truga med ikkje å tilrå konsesjon for den nye eigaren. medan han meinte dette trugsmålet ikkje ville ha noko å seia ettersom vedtektene i Dale A/S avgrensa aksjeeigarane sin røysterett. Ingen aksjeeigar eller gruppe av aksjeeigarar kunne røysta for meir enn 10% av alle aksjane i selskapet. Denne paragrafen var forresten nyleg teken inn i vedtektene for å gjera det vanskeleg for ein eigar å få full kontroll over selskapet.

Det heile enda med at Investa gjorde om salet av Daleaksjane til Remco A/S på den måten at Remco A/S fekk ha 9,8% av aksjane og fekk elles ein plass i styret til Dale A/S. Resten av Daleaksjane, knappe 50% var no attende i Investa si eige. Ikkje lenge etter gjekk heile Remco-systemet overende og eigarinteressene i DFU, Høie-Arne og Dale gjekk attende til Investa.

No var det kome verkeleg fart i diskusjonen om Dalesamfunnet si framtid. Ein kunne ikkje lenger sitja roleg og venta på neste steg i "spelet om Dale", som ei avis uttrykte det, men prøva og påverka utviklinga på ein eller annan måte. Ein hadde no sett at uro på eigarsida førte til uro i verksemda og i lokalsamfunnet og til negative verknader for alle.

Det var leiinga i fagforeiningane som naturleg nok førte denne diskusjonen saman med dei tilsette sine representantar i styret og bedriftsforsamlinga til Dale A/S. Ein hadde og kontakt med den politiske leiinga i kommunen som og var svært oppteken av det som hadde skjedd og såg at her låg eit trugsmål mot Dalesamfunnet si framtid.

Også i Bedriftsutvalget i Dale A/S blei tilhøva diskuterte i fleire møte og i møtet den 20/3-87 blei det vald eit interimsstyre som skulle arbeida for å oppretta eit interesseselskap. Interimsstyret hadde representantar for tekstilarbeidarforeininga, funksjonærforeiningane og leiinga og konstituerte seg den 7/4-87 slik:

Gunnar Sellevold, formann  
Svein Aksel Sellevold, nestformann  
Birger Nilsen, sekretær  
John Laastad  
Odd Nesse  
Bjørn Roald (Vaksdal Næringsssamskipnad)

Dette interesseselskapet som alt då fekk namnet "Dalevern", skulle, som ein skreiv det, ha som føremål "å auka dei lokale eigarinteressene i Dale A/S for dermed å gjera det mindre attraktivt å spekulere med bedriften sine aksjar".

Ein hadde søkt Vaksdal Kommune om støtte til etableringskostnadene og fekk løyvd kr. 20.000. Advokat Bjarne Inge Rørstad, Ålesund blei engasjert til å ivareta dei formelle sidene ved etableringa og å arbeida ut framlegg til vedtekter. Ein såg det som viktig å få vedtekter som mellom anna sikra at ingen einskildperson eller gruppe kunne få kontroll over selskapet. Avgrensing av stemmerett for aksjane og godkjenning av overdraging av aksjar var viktige punkt i vedtektene.

Teikning av aksjar starta opp straks og ved stiftinga den 4/6-87 var det teikna aksjar for kr. 537.100, eit godt resultat, meinte ein, på den korte tida.

Aksjeteikninga heldt fram utover hausten etter at ei ekstraordinær generalforsamling den 27/10-87 vedtok å utvida aksjekapitalen med minimum kr. 500.000 og maksimum kr. 5.000.000 og ved rekneskapsavslutninga pr. 31/12-87 var aksjekapitalen alt komen opp i kr. 1.224.000. Vaksdal Kommune var største

aksjeeigar med kr. 500.000. Resten var teikna av tilsette i Dale A/S, store og små verksemdar og folk elles i kommunen.

No var ein klar til å kjøpa aksjar i Dale A/S i pakt med føremålet til selskapet. Investa var viljug til å selja, men i første omgang vart ein ikkje einige om pris og styret vedtok då å melda kjøpeinteresse på Bergen Børs gjennom meklar. Investa lova på si side å avstå frå å vera kjøpar av Daleaksjar. På denne måten fekk ein etter kvart tak i fleire og fleire aksjar og ved utgangen av 1987 hadde ein såleis 10.513 aksjar i Dale A/S. Av desse var 10.000 kjøpt frå Investa til ein pris av kr. 50 pr stk., (pålydande kr. 20).

Tilhøvet til Investa var godt. Det var der ein kunne få tak i eit antal aksjar som monna og det var aldri noko problem med å få kjøpa berre ein hadde pengar, og inntrykket var at Investa ikkje såg på Dalevern som nokon motstandar, men såg heller positivt på Dalevern som medeigar i Dale A/S. Seinare skjedde det vel ting som gjorde at tilhøvet skar seg noko.

Styret uttala i årsmeldinga for 1987 at ein såg det som eit mål å få hand om 10% av aksjekapitalen i Dale A/S for å kunna innverka på avgjersleprosessen i verksemda. Etter vedtektene i Dale A/S kunne heller ingen einskild eigar røysta for meir enn 10% av aksjekapitalen. Det var difor naudsynt å motivere dei tilsette i Dale A/S og andre til å teikna fleire aksjar i Dalevern for å skaffa pengar. Dette gjekk bra og utover i 1988 vart det kjøpt aksjar både frå Investa og andre slik at pr. 31/12-88 eigde ein 29.805 Daleaksjar.

Ein ny freistnad frå Investa på å selja aksjane i Dale A/S til ein investor slo endå ein gong feil. Dette viste vel at Investa no hadde gjeve opp å vera langsiktig eigar på Dale og arbeidet med å skaffa meir kapital til Dalevern fekk ein ny kveik.

Hausten 1989 skjedde det noko som verkeleg fekk fart i dette arbeidet. Divisjon Boligtekstilar vart seld til Høie-Arne. Ein topp moderne produksjon med nokre og 20 tilsette forsvann ut frå Dale. Meldinga slo ned som ei bombe mellom dei tilsette og heile Dalesamfunnet elles og reaksjonane var kraftige. Det var akkurat noko slikt ein hadde frykta kunne skje, å selja Dale A/S betervis.

Det vart gjort freistnader på å få omgjort vedtaket som styret i Dale A/S hadde gjort, men styret sto på sitt. Fagforeiningane hadde ikkje fått noko orientering på førehand og dei klaga Dale A/S inn for hovudorganisasjonane for brot på hovudavtalen sine bestemmelsar om informasjonsplikt.

Enkelte kravde at no måtte Dalevern på "bana". Men det var ikkje mykje ein kunne gjera i denne situasjonen anna enn å utnytta den stemninga som rådde til å prøva å skaffa endå meir kapital for å nå opp ein eigarandel i Dale A/S som kunne gje innverknad på slike avgjersler som denne.

Tilsette, fagforeingar, Vaksdal kommune, mange Dalefolk og andre var med på ein ny stor runde med aksjeteikning slik at ein utover i 1990 kunne kjøpa

opp endå fleire Daleaksjar og pr. 31/12-90 var eigarandelen komen opp i 6,9%, 39.995 aksjar.

Dei fleste av desse aksjane blei kjøpte frå Investa, men mange blei kjøpt frå småaksjonærar som vart kontakta og førespurd om dei ville selja til Dalevern. Dei fleste uttala seg positivt om Dalevern og tanken bak og selde gjerne. Ja, eit par småpostar fekk ein faktisk overdrege utan å betala for dei.

I februar 1990 fekk Dale A/S ein ny majoritetseigar, Stavangerfirmaet Chr. Bjelland & Co. A/S - Sagatex som kjøpte alle Investa sine aksjar i verksemda, 67,2% av det totale antal aksjar.

Dette kom brått og uventa på alle. Ja, sjølv leiinga i Dale A/S var uvitande om handelen før den var gjennomført. Chr. Bjelland & Co. A/S eigde allereie Høie-Arne som jo hadde kjøpt boligtekstildivisjonen frå Dale A/S eit halvår tidlegare.

For Dalevern viste det seg etter kvart at den nye eigaren ikkje var så enkel å ha med å gjera som Investa. Det vart ikkje noko meir aksjekjøp frå den kjelda og ein gjekk difor endå meir aktivt inn for å få tak i aksjar frå dei småaksjonærane som enno fanst.

Heilt sidan starten hadde det vore god kontakt mellom Dalevern og Vaksdal Kommune. Det var og naturleg ettersom kommunen var største aksjeeigar. Det var klart at målet om å få minst 10% av aksjane i Dale A/S ville vera svært vanskeleg å nå av Dalevern åleine. Ved eit godt samarbeid klarte dei tre, Dalevern - Vaksdal Kommune - Dale Tekstilarbeiderforening å skaffa seg til saman 10,1% av aksjane i Dale A/S i 1991. Dette var ein eigardel som i visse høve kunne verka bremsande på ein majoritetseigar men som når det bar til stykket ikkje var til noko hinder for han.

Dalevern gjorde no krav på å få ein av dei 12 plassane i bedriftsforsamlinga til Dale A/S. Det fekk ein og Terje Geithus vart vald inn som aksjonærrepresentant.

Den nye eigaren gjekk inn i leiinga av Dale A/S på ein heilt annan og meir aktiv måte enn den førre eigaren hadde gjort. Dette skapte i all fall i førstninga uro hjå dei tilsette og konfrontasjon og konflikt med fagforeiningane.

Det blei lagd fram planar om å skilja ut trikotasjefabrikken og kamgarnsfabrikken som no var slått saman til ei driftseinhet, i eit eige aksjeselskap. Dette var dei tilsette sterkt imot. Det blei då inngått ein såkalla føresetnadsavtale mellom eigaren og fagforeiningane. Men det oppstod snart ueinigheit om forståelse og tolking av avtalen og det gjekk mot ein rettsleg konflikt. Dalevern gjekk inn og representerte foreiningane som motpart til eigaren. Dette førte med seg mykje arbeid og store kostnader til juridisk hjelp.

Tilliten til eigaren var gjennom denne tida på eit lågmål.

Trikotasjefabrikken og kamgarnsfabrikken blei så skilde ut som eit 100% eigd dotterselskap av Dale A/S under namnet Dale Garn & Trikotasje A/S, (DG&T). Seinare blei DG&T seld til aksjonærane i Dale A/S som kvar fekk høvesvis like mange aksjar i DG&T som dei hadde i Dale A/S til pålydande kr. 20. Med over 20.000 teikningsrettar vart dette for mykje for Dalevern. Ein hadde ikkje og kunne ikkje skaffa så mykje pengar. No stilte Vaksdal Kommune opp enno ein gong og overtok teikningsrettar for 10.000 aksjar. Sjølv om dei fekk rettane vederlagsfritt tok dei på seg ein risiko i tillegg til dei aksjane og teikningsrettar dei hadde frå før. For som noko akkurat "gullkanta" papir var ikkje aksjane i DG&T sett på den tida. Dei tilsette i DG&T fekk og høve til å kjøpa eit visst antal aksjar.

No eigde altså Dalevern, kommunen og tekstilarbeidarforeininga til saman 10,1% både i Dale A/S og i Dale Garn & Trikotasje A/S. Dalevern fekk og ein representant i bedriftsforsamlinga i DG&T, John Laastad.

Ikkje lenge etter dette kom Chr. Bjelland & Co. A/S - Sagatex med tilbod om å løyse ut alle andre aksjonærar i DG&T. Dei hadde sjølve godt over 80% av aksjane og ville no ha hand om resten og tilbod kr. 71 pr. aksje eller aksjar i Sagatex til tilsvarende verdi. På kort tid hadde altså aksjeverdiane stege frå kr. 20 til kr. 71 pr. aksje.

No starta det ein diskusjon i Dalevern og mellom dei tilsette, skulle ein selja eller ikkje. Mange av dei tilsette i DG&T likte lite det som her skjedde og hadde lite lyst til å selja. Kommunen gav signal om at dei ville fylgja den avgjersla Dalevern kom fram til. Etter mykje diskusjon gjorde Dalevern vedtak om å selja mot kontant betaling. Noko eigarskap i Sagatex var ein ikkje interessert i. Sagatex fekk det til slutt som dei ynskte, 100% eigarskap i DG&T. Og dei seljande aksjeeigarane fekk ein ikkje liten gevinst.

I samband med etablering av bomullsspinneriet i Dale A/S som eige aksjeselskap deltok Dalevern med kr. 325.000 av aksjekapitalen på kr. 8 mill. Selskapet som vart kalla Dale Spinning A/S vart seinare refinansiert og kapitalen var då tapt. Diverre viste det seg etter ei tid at det ikkje let seg gjera å driva vidare og selskapet vert avvikla.

Chr. Bjelland & Co. A/S hadde heilt frå byrjinga gitt til kjenne at dei ynskte 100% eigarskap i dei verksemder dei gjekk inn i som eigar. Den 11. mars 1993 sende dei brev til Dalevern der dei sa at i ei tid med turbulente eigartilhøve kunne vera rett med ein institusjon som Dalevern A/S, men for utviklinga framover måtte det andre verkemidlar til. Og dei ba om å få kjøpa alle aksjane i Dale A/S.

Styret diskuterte brevet i møte den 30 /3-93 og gjorde vedtak om å avtala eit møte med Chr. Bjelland & Co. A/S for å be om ei nærare utgreiing om selskapet sine planar med eigarskapet i Dale A/S. Advokat Gustav Wiig vart å

engasjere som juridisk rådgjevar og kommunen skulle bli kontakta og beden om å førebu den konsesjonshandsaminga som i tilfelle ville koma.

No fylgde mange møter og diskusjonar og i slutten av april la Chr. Bjelland & Co. A/S fram eit utkast til ein avtale som skulle imøtekome Dalevern sine krav for å kunne selja aksjane sine. Etter endå fleire møter og forhandlingar handsama styret i møte den 14. mai 1993 det endelege utkastet til avtale. I styreprotokollen står det slik:

Vedtak: Styret godkjenner forslag til avtale mellom Chr. Bjelland & Co. A/S og Sagatex A/S på den eine siden og Dalevern A/S og Vaksdal Kommune på den andre siden, samt den tilbudte pris, kr. 70 pr. aksje.

Styret vil fremme forslag til generalforsamlingane om salg av selskapet sine aksjar i Dale A/S til Sagatex A/S.

På ekstraordinær generalforsamling den 24. juni 1993 blei det så samrøystes vedteke å selja dei 41.477 aksjane ein hadde til Sagatex A/S for kr. 70 pr. aksje.

Vaksdal Kommune si stilling i denne saka var i samsvar med det gode samarbeidet som hadde vore heile tida. Dei hadde gjort vedtak om å fylgja Dalevern og selde no sine 17.740 aksjar til Sagatex A/S. Dermed var og Dale A/S heilt og fullt i hendene på Sagatex A/S.

No melde naturleg nok spørsmålet seg: Kva no med Dalevern?.

Styret diskuterte dette på fleire møter utover hausten og fleire løysingar var framme. Etterkvart kom ein til at ettersom grunnlaget og det opphavlege føremålet for Dalevern no var borte ville det vera rettast å oppløyse selskapet og betala den kapitalen som var bygd opp attende til aksjeeigarane.

På førespurnad til dei to største aksjonærane, Vaksdal Kommune og Dale Tekstilarbeiderforening, rådde begge til at selskapet blei oppløyst.

Til den ordinære generalforsamling den 14. juni 1994 gjorde styret då framlegg om oppløysing. Framlegget blei samrøystes vedteke.

Til avviklingsstyre blei det sitjande styre vald:

Svein Aksel Sellevold, formann  
John Laastad  
Odd Nesse  
Birger Samuelson  
Gunnar Sellevold  
Marie Torgersen

Svein Aksel Sellevold blei vald til formann i styret alt i 1989 og var såleis den som hadde bære børen i desse åra og tatt mange tunge tak og var den som styrde den nokså arbeidskrevjande avviklinga. Dei mange formalitetane i samband med avvikling av eit aksjeselskap gjorde at først våren 1995 kunne ein føreta attendebetalinga til aksjeeigarane.

Ein hadde samla seg ein kapital på omlag 3,5 mill. kr. som tilsvarte kr. 158 pr. aksje som eigarane i si tid hadde betalt kr. 100 for. Då aksjane blei teikna såg ein vel at det var ein viss risiko for at ein kunne tapa pengane og mange var nok budde på det. Ja, mange rekna dette som eit bidrag til saka og tenkte ikkje meir på det. Difor var det hyggeleg at det kunne betalast attende kr. 58 pr. aksje meir enn ein hadde betalt.

Serleg var det fint at Vaksdal Kommune som hadde vore med heile vegen og tatt den største risikoen ikkje fekk noko tap korkje på aksjane i Dale A/S, Dale G&T og Dalevern, men tvert om fekk gevinst.

Den 15. juni 1995 blei det halde avsluttande generalforsamling i Dalevern A/S. Restsummen ved avviklinga, kr. 20.818, blei vedtatt gjeve til eit ålmennyttig føremål, "Aksjon idrettshall".

Så kan ein spørja, hadde Dalevern noko for seg i det heile tatt, er noko oppnådd når alt kjem til alt ?.

Ja, for det første klarte ein å få omlag 750 einskildpersonar i og utanfor lokalsamfunnet, foreiningar av mange slag, små og større verksemder på Dale og utanfor og ikkje minst Vaksdal Kommune til å vera med på ein økonomisk dugnad for slik å kunna møte eigarar utanfrå med eit lokalt eigarskap som dei måtte ta omsyn til. Oppslutninga dette fekk var eigentleg fantastisk og det skal vel godt gjerast om ein nokosinne kan få til noko slikt igjen.

For det andre har vel eigarar utanfrå fått erfart at ein ikkje kan gjera som ein vil med arbeidsplassar og verdiar som er bygde opp gjennom fleire generasjonar i lokalsamfunnet utan å møte ein motstand som dei er nøydde til å ta omsyn til.

Kva så med avtalen ? . Den blei endeleg underskriven den 2. juli 1993, og er etter avviklinga av Dalevern overtatt av fagforeiningane, noko som sjølve avtalen gav høve til. Korleis den vil verka og kva den er verdt når det kjem til stykket, vil berre framtida visa. Til denne tid, hausten 1996, må ein vel kunna seia at utviklinga har vore positiv.